# Forstå barnet - mentalisering

<table>
<tr><th>Det du viser på skjermen:</th><th>Handling</th></tr>
<tr><td>Opne sida</td><td>Introduser måten å jobbe på:<br>Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i skolen. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Vis filmen [Forstå barnet (mentalisering) - YouTube]</td></tr>
<tr><td>
<table>
<tr><th>Skriv 3-5 handlingar elevar gjer som det kan vere lett å irritere seg over:</th><th>Kva er lite hjelpsame måtar å forstå desse handlingane på:</th><th>Kva vil vere meir hjelpsame måtar å forståeleven sine handlingar på:</th></tr>
<tr><td>Eleven går rundt i klasserommet og forstyrrar dei andre i staden for å jobbe med oppgåva.</td><td>Eleven er lat, gidd ikkje jobbe, er ute etter å øydelegge, vil aldri gjere det lærar ber om,</td><td>Kanskje: eleven slit med konsentrasjonen, forstår ikkje oppgåva, synes det er vondt å ikkje meistre, synes det er vanskeleg å sitte stille for lenge, treng alternative måtar å jobbe på, eller kjenner på følelsar/tankar som gjer det vanskeleg å jobbe.</td></tr>
</table></td><td>Peik, les og forklar, og del ut oppgåva slik at 3-6 kan jobbe saman i grupper. Etter dei har jobba litt i grupper kan de eventuelt dele nokre eksempel med kvarandre.<br><br>Som møteleiar er det fint å validere det som dukkar opp av eksempel sjølv om vi kanskje skulle ønske at dette ikkje var noko som vekte irritasjon. «Ja det kan kjennest ganske irriterande ja» bekreftar at det kan kjennest slik – men ikkje at det er lurt eller rett å vise irritasjon Når vi kan snakke ope om reaksjonane våre og kva dei kan føre til, er det lettare å kome vidare, og opne for meir hjelpsame reaksjonar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>De kan gjerne ta denne delen av oppgåva saman til slutt:<ul><li>Korleis fører dei ulike måtane å tolke på, til ulik respons frå oss vaksne?</li><li>Kva kan minne oss om å tolke barn på hjelpsame måtar i kvardagen?</li></ul></td></tr>
<tr><td>Grå boks øvst – lær meir om dette</td><td>Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.</td></tr>
</table>